

## MØTEPROTOKOLL

## STYRET LLP

Dato: 3.3.2011

Tid: 09.30-15.00

Stad: Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Oslo.

Tilstade: Karin Gjelsten, Torleif Lind, Tore Somdal-Åmodt, Ole Stian Hovland, Anne Mette Nielsen, Einar Terjesen, Inger Lene Nytingnes (ref).

### **Saksliste**

9/2011: Godkjenning av referat frå styremøte 12. januar 2011.

10/2011: Styremøte for gjennomgang av landsmøtesaker.

11/2011: Møte med fagseksjon for privatarkiv.

12/2011: Disponering av OpenArms-midlar.

13/2011: Søknad om økonomisk støtte frå Kulturfondet?

14/2011: Det 5. norske arkivmøtet.

15/2011: Orienteringssaker

16/2011: Eventuelt.

### **9/2011: Godkjenning av referat frå styremøte, 12. januar 2011**

Det vart bede om ei endring på referatet.

Vedtak: Referatet er godkjent.

### **10/2011: Styremøte for gjennomgang av landsmøtesaker**

Dato: 6. april 2011 kl 10-16.

### **11/2011: Møte med fagseksjon for privatarkiv**

-Det vart gjort ein gjennomgang av informasjon om fagseksjonane som tidlegare har vore tilgjengeleg på LLP sine nettsider.

Styret ynskjer at det skal vere klårare informasjon om kva som er fagseksjonane sine konkrete mandat. Einar Terjesen skal lage eit utkast til tekst om fagseksjonane si rolle i organisasjonen. Etter godkjenning frå styret skal desse leggast fram for landsmøtet.

Styret ynskjer at referat frå fagseksjonane sine møter skal leggast fram for styret.

Seksjon for privatarkiv bør få det faglege ansvaret og sette program for for LLP sitt 25-års jubileumsseminar i november 2011.

-Møte med fagseksjon for privatarkiv:

Birger Haugdal, Frode Færøy og Cecilie Lintoft møtte for fagseksjonen.

Fagseksjonen har hatt ei oppleving av lite dialog mellom fagseksjon og styret, liten aktivitet i fagseksjonen, og tap av faglig tyngde. Det vart uttrykt ynskje om tiltak som gjer at fagseksjonen får ei større forankring i styret, t.d. at medlemer frå fagseksjonen kan delta på styret sine møter to gonger i året på utvida styremøter. Det vart foreslått at fagseksjonen oppnemner ein vararepresentant som kan møte på styremøte om leiar for fagseksjonen ikkje har høve til å møte.

Fagseksjonen opplever det som at styret har teke fagseksjonen si rolle når det gjeld å bringe faglege saker opp på riksplan, og at fagseksjonane vert lite nytta. Seksjonen ynskjer ei større rolle i dette arbeidet, og ynskjer å vere høyringsinstans og eit rådgjevande organ for styret. Det vart bede om at det vert etablert eit formelt regelverk for seksjonane.

Vidare vart det bede om at medlemer av seksjonane ikkje vert avsondra frå å delta på viktige kurs og fagseminar.

Styret tek kritikken frå seksjonen til etterretning. Samarbeidet mellom styre og seksjon har vore for avhengig av enkeltpersonar. Informasjonsflyten bør vedtektsforankrast.

Styret har nytta all energi det siste året på organisasjonsbygging og som ein del av dette er det ynskje om ei styrking av fagseksjonane si rolle i organisasjonen. Mellom anna bør LLP sin handlingsplan utarbeidast i dialog mellom styre og fagseksjonar.

Støtteordninga for privatarkiv og Arkivutgreiinga er to saker der det bør bli ein felles dialog om innhaldet i fråsegn frå LLP.

#### **12/2011: Disponering av OpenArms-midlar**

Avgjerdsbla om disponering av OpenArms-midlane bør vere føreteken i løpet av 2011, og det er viktig med ei grundig sakshandsaming

LLP bør samle fagmiljøet til dialog om disponering av midlane.

Det vart fremja forslag om at saka kan takast opp på møtet om elektroniske arkiv på KAI-konferansen der det vert bede om forslag til disponering til LLP sitt styre. Dei kommunale arkivinstitusjonane bør bli spurta om råd då det er kommunale behov som klårt skil seg frå statlege behov.

DIAS eller KDRS skil seg ut som aktuelle mottakarar av midlane.

Det vart ikkje gjort vedtak på saka, men det var semje om at det kommunale fagmiljøet skal takast med på råd.

#### **13/2011: Søknad om økonomisk støtte frå Kulturfondet**

Vedtak: LLP søker ikkje om økonomisk støtte frå Kulturfondet.

#### **14/2011: Det 5. norske arkivmøtet**

Tore Somdal-Åmodt er LLP sin representant i arrangementskomiteen og orienterte styret om arbeidet. Programmet er no klart. LLP har ansvar for ein seksjon om kart.

Sekretariatet skal ta seg av påmeldingar for styremedlemer.

#### **15/2011: Orienteringssaker**

- Konferanse 23. mars, Norsk Kulturråd. Klima- og kvalitetkonferansen. Einar Terjesen representerar LLP.
- Vedkomande henvendelsar til LLP sine styremedler om LLP sitt arbeid, skal desse stilast til LLP sitt postmottak og ikkje til enkeltpersonar.

#### **16/2011: Eventuelt**

Det var ingen saker under dette punktet.